

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
SIGRIDBR	2020/4165	22698/2020	GBNR3	30.11.2020

## Planid 20110010 Kjelingnut - Melding om vedtak - mindre endring

Søknad om mindre endring for Kjelingnut med planid 20110010 vart handsama i plan- og miljøutvalet 11.11.2020.

Utvalet vedtok samrøystes at Halvor Lognvik var ugild i saka, jf. FVL § 6a. Det lukkast ikkje å kalle inn vara.

Framlegg frå Liv Sigrun Midtun:

Minimum takvinkel skal vera 10 grader. Hyttene skal vera jordfarga.

Framlegget frå rådmannen med endringsframlegget til Midtun blei samrøystes vedteke.

**Detaljregulering for Kjelingnut vert endra i medhald av PBL §12-14, 2.ledd slik det er gjort greie for i saka, med denne endringa**

**Minimum takvinkel skal vera 10 grader. Hyttene skal vera jordfarga.**


Vedtaket kan påklagast innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i plan- og bygningslova. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Sigrid Breiseth  
plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.





Arkiv saknr:	2020/4165
Løpenr.:	20070/2020
Arkivkode:	151/3

Sakshandsamar: Sigrid Breiseth


## Planid 20110010 Kjellingnut - mindre endring

### Dokument i saka:

Kommuneplanen sin arealdel  
Detaljregulering Kjellingnut  
Notat til KPA som vedkjem byggeskikk  
Sak 20/1763  
Høyringsbrev

### Bakgrunn:

Reguleringsplan med planid 20110010, Kjellingnut vart vedteken i kommunestyret 10.04.2014.  
Det er Halvor Lognvik som er grunneigar.



Grunneigar har kome med innspel om å endre §4.1b) som vedkjem byggeskikk og §4.2a) mønehøgde.

#### **Gjeldande føresegner:**

#### **4. BUSETNAD OG ANLEGG**

##### **4.1 Felles føresegner for busetnad og anlegg**

*b) Det skal leggast avgjerande vekt på arkitektur, fargar og plassering i terrenget. Ny design skal til Planutvalet for evt godkjenning Utvendig skal det nyttast trematerialar, kraftig, ståande kledning og naturvenlege, mørke fargar. Lafta tømmerbygningar kan nyttast. Villsteinsmurar som forblending eller mur er og tillate. Innramming av vindauge og dører skal ha harmonerande fargar. Taket skal ha utspring på minimum 40 cm og tekkast med torv. Takvinkel kan vurderast i samsvar med byggesøknad. Piper skal forblendast med naturstein.*

##### **4.2 Fritidsbustader frittliggande**

*a) Grad av utnytting er 24 % BYA. Maks mønehøgde hovedbygg 6 m. Minste takvinkel 22°. Mønehøgde målas frå topp grunnmur. Maks mønehøgde på evt anneks maks 5 m. Minste takvinkel samme som for hovedhytta. Det skal leggast vekt på harmonisk tilpassing til terreng og naboskap*

I samråd med planadministrasjonen har grunneigar kome fram til forslag til nye føresegner, i tråd med KPA og veileidar for byggeskikk vedteken i PMU i mai 2020.

#### **Forslag til endring:**

*§4.1 b) Hyttene skal ha tre kledning, men kan ha element av andre materialar på deler av fasaden. Laft er tillat. Hyttene skal ha diskrete farger. Innramming rundt vindauge og dører skal harmonere. Tak skal tekkas med gras, det skal nyttas stadbundne og egna arter. Minimum takvinkel er 5 grader.*

*§4.2a) Grad av utnytting er 24% BYA. Maks mønehøgde hovudbygg 6 m. Minste takvinkel 5°. Mønehøgde målas frå topp grunnmur. Maks mønehøgde på anneks maks 5 m. Minste takvinkel same som for hovudhytta. Det skal leggas vekt på harmonisk tilpassing til terreng og naboskap.*

Endringa opnar opp for meir moderne byggestil med flatare takvinkel og eit «lettare» uttrykk på trevirke. Det er klare føringar på fargebruk, taktekking og materailbruk. Endringane har vore på høyring og alle naboar i feltet er varsla. Høyringsfrist vart satt til 26.10.2020 – det har ikkje kome inn merknadar i saka.

#### **Vurdering:**

Endringane er i tråd med notat til KPA - retningslinjer for byggeskikk og storleik, vedteken sak 20/1763 i PMU 27.05.2020 vedkomande byggeskikk samt KPA §1.7 som vedkjem byggeskikk.

Rådmannen meiner endringa er uproblematisk då feltet er lite utbygd og dei som allereie har hytte i feltet har fengje varsel om endringane utan at det har kome noko merknadar. Ein vil bevare heilhet i feltet ved å setje krav til materialbruk, fargebruk og taktekking sjølv om nokre hytter kan få ana formspråk.

Endringa kan vedtakast som ei mindre endring i medhald av plan- og bygningslova §12-14, 2.ledd

### ***Rådmannens framlegg til vedtak:***

**Detaljregulering for kjelingnut vert endra i medhald av PBL §12-14, 2.ledd slik det er gjort greie for i saka.**

Rådmannen, 29.10.20

Jan Myrekrok, rådmann /s/

### **Handsaming i Plan- og miljøutvalet 11.11.2020:**

Utvalet vedtok samrøystes at Halvor Lognvik var ugild i saka, jf. FVL § 6a. Det lukkast ikkje å kalle inn vara.

#### Framlegg frå Liv Sigrun Midtun:

Minimum takvinkel skal vera 10 grader. Hyttene skal vera jordfarga.

Framlegget frå rådmannen med endringsframlegget til Midtun blei samrøystes vedteke.

**Detaljregulering for Kjelingnut vert endra i medhald av PBL §12-14, 2.ledd slik det er gjort greie for i saka, med denne endringa**

- **Minimum takvinkel skal vera 10 grader. Hyttene skal vera jordfarga.**